

NVE

Postboks 5091

Majorstuen

0301Oslo

Regulering av Aurlandsvassdraget. Høyringsuttale 2001400584.

Viser til synfaring 28.08.24.

Det var kjekt å få vera med på synfaringi.

Men reagerte litt på kva som var prioritert å sjå på. I vår uttale frå 08.03 .24 var problemet med attvekst med grønske /slim. Det samme var i skrivet frå Aurland Fiskeadministrasjon som administrere fiskekortsalg både for private vassdrag og Statsallmenningen om problem som hadde vore ei tid og vore tiltakande dei siste åri. Dette var ikkje med i synfaringsprogrammet. Me freista å påvisa kvar og korleis det hadde etablert seg. Dette vart og dokumentert med bilde av Svein Listøl frå Nesbø Gnr 22 / 1. Han har og sendt skriv om dette no som me støttar.

Dette problemet må verta planlegging for kommande vinter og gjennomføring til våren, då me ikkje veit kor langt tid det går før revisjon vert ferdig hadsama.

Underteikna Inge Olai tok opp den minstevassføring som Oslo Lysverker har rekna ut til 29 cm på Bjelde Bru, som er ein sjønsforusetting for grunnvass-stand som er grunnlaget for vassforsyning i alle brønnane i Vassbygdi. Hafslund må komma med opplysning om kor mykje det er på målestasjon i Bruøyna. Måleskalan som var på Bjelde Bru er vekke, det er og den som vart sett opp seinare. Begge stokkane er der.

Tilveksten av skog i elvegrandane i heile Vassbygdelvi er stor, skogen har gode vekstvilkår då den har rotsystemet nede i elvevatnet heile tida. Dersom det vert ein storfeflaum kan Bjelde Brur detta nedom skogen legg seg på brupillaren. Når det er storflaum slo vatnet opp på brubjelkane. Kven er ansvarleg om Bjelde bru dett ned.

Det vart heller ikkje sett på elvi oppstrøms frå Svabru som den no heiter . Området har namnet Steinberg frå gammalt. Det er eit oppvekstområde for sjøfisk frå gammalt. Det vert sett ut fisk oppover no, men då elvi vart regeulert forsvant mest all sjøfisken som gjekk opp og gjytte. Det var mykje fin sjøfisk i den øverste delen opp til Sitjandefossen før reguleringi.

I vinter la me med eit bilde frå isband i elvi som er i kalde periodar teke i Bruøyna, frå der og nedover er det ikkje is då grunnvatnet som søkk i Midjeelvi kjem inn frå grunnen og tempraturen på elvevatnet stig.

Me ber om at dei tiltak som er omskrevevne må finnast løysng på i samarbeid med grunneigarane.

Aurland 10.09.24

Sigrd Sønnerheim Tønnesesn

Inge Olai Sønnerheim

Kopi:mikael.jorgensen@statsforvaltern.no,